

Festivalkontoret er opna og ordnar det meste.

26.06.2019



Karoline, Ellen og Malin er klare til å hjelpa Festivalen-gjester.

I dag kl.12 opna Festivalen sitt festivalkontor. Som dei føregående åra, held dei til i Gamleskulen som ligg like inntil parkeringsplassen til Spar Uskedalen. Ein god grunn til å stikka innom festivalkontoret, er m.a. å byte billett i armband eller hente verjeskjema for å unngå køståing ved inngangen til konsertane fredag og lørdag.

Elles sel dei som før, kjekke Festivalen-effektar. Her kan vi få kjøpt både t-skjorte, Festivalen-solbriller, hettejakke, caps, sydvest, støvlar og handlenett, alt med Festivalen-logo og powerbank slik at mobilen ikkje går tom for straum når ein nyt konsertane på Dønhaugjordet.

Då uskedalen.no var innom kontoret, var stemninga alt god. Ellen Teigen og Karoline Neset var på plass i år som tidlegare år, og i tillegg var Malin Bakke Eik på plass. For henne er det første året på kontoret. Sikkert er det i alle fall at alle som gjestar kontoret, ver mottekne av blide og flotte vertar. Opningstidene er som følgjer:

Onsdag: kl. 12 - 18.

Torsdag: kl. 12 - 18.

Fredag: kl. 12 - 17.

Lørdag: kl. 12 - 15

Viktig er det også å merka seg at alle må møta personleg opp når dei skal byta billettane sine i armband.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland